



KONTROLLUTVALET FOR FEDJE KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato 06.02.2018
Stad: Fleirbrukshallen, møterommet
Kl.: 09.00 – 12.00
Tilstade: Erling Walderhaug (leiar), Anna Marit Storemark (nestleiar) og Inger Steinsbø (medlem)
Innkalla:
Revisjon:
Sekretær: Øivind Olsnes
Forfall:

01/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 07.11.2017

Behandling i møte:

I møtet var det semje om å gje slik presisering av protokoll vedkomande sak 40/17
Kontrollutvalet sine oppgåver og mynde:

Kontrollutvalet sin innsynsrett vert ivaretatt ved at leiar eller sekretariatet ved behov ber om innsyn i dokument som kontrollutvalet treng for å utøva si oppgåve/mandat.

Kontrollutvalet påpeikar at alle kan hente ut informasjon som er offentleg, men ikkje publisert.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 07.11.2017 er godkjendt.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå 07.11.2017 er godkjendt med presisering nemnd ovanfor.



03/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a. Fedje kommune – svarbrev til Mattilsynet, datert 6.12.17
- b. Mattilsynet – brev datert 13.12.17 – avslutta tilsyn
- c. Tilsynsrapport brannførebygging – Fedje sjukeheim, datert 21.12.17
- d. Rapport frå stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen for Austrheim og Fedje 2017

Behandling i møte:

Kort gjennomgang i møte

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

04/18 Årsmelding kontrollutvalet 2017

Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding 2017 for kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Sekretariatet sitt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2017 var sendt ut med innkallinga. Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk årsmeldinga

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2017 slik den ligg føre.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2017 slik den ligg føre.



07/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Kontrollutvalet ønsker i neste møte (23. mai) å få ei orientering frå rådmannen om:


- Organisasjonskart
- Delegeringsreglement
- Tilvisningsrettar

Neste møte i kontrollutvalet er onsdag 23. mai 2018 kl. 09.00.


Saker til neste møte:

- Oppfølging av utsett sak 34/17 – forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Uttale til rekneskap og årsmelding 2017

Fedje, 06.02.2018



Erling Walderhaug / leiar



Øivind Olsnes / sekretær



05/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Behandling i møte:

Vedkomande protokollar i formannskapet - lønnsavtale rådmann

I møte den 19.12.2017 sak 158/17 ber formannskapet om at kontrollutvalet vurderer å sjå på denne saka. Dette var samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet har føreteke ein gjennomgang av formannsprotokollane frå møta den 19.10.2017 (sak 113/17), den 04.12.2017, den 19.12. 2017 og den 21.12.2017 (sak 161/17.1).

Kontrollutvalet si vurdering:

- Kontrollutvalet konstanterer at det er inngått ein ny arbeidsavtale som er underteikna av partane.
- Etter kontrollutvalet si vurdering har formannskapet, etter gjeldande delegeringsreglement, ansvar for å gjennomføre lønnsamtalar med rådmannen
- Kontrollutvalet meiner at protokollane frå møta framstår som uklare
- Kontrollutvalet finn ikkje grunn til å gå nærmare inn i saka, men vil rå til at seinare lønnsforhandlingar vert betre dokumentert i referata
- Etter kontrollutvalet si vurdering må eventuelle uklarhetar som framkjem i protokollane avklarast av formannskapet sjølv

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ser vurderinga av saka som avslutta frå utvalet si side.

Protokollmerknad frå Inger Steinsbø:

Det er uheldig at formannskapet ikkje har vorte informert om at ny avtale allereide var underteikna av partane

06/18 Oppfølging - folkevaldopplæring for kontrollutval i kommunar i Hordaland, 2018

Saksopplysningar:

Medlemene av kontrollutvalet deltok den 29.-30. januar 2018 på folkevaldopplæringa for kontrollutvala i Hordaland.

Saka vert lagt fram til drøfting utan tilråding.

Behandling i møte:

I møtet vart ulike tema frå konferansen oppsummert og drøfta.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ta med seg informasjonen frå konferansen i sitt vidare arbeid.